



Notat

Dato: 24.03.2015
Arkivsak: 2014/10861-2
Saksbehandlar: erliver

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversendingsforslag - kollektivfelt RV 555

Tom Skauge sette fram følgjande oversendingsforslag:

I samband med melding nr. 64, Handlingsprogrammet 2014 – 2017 (23) frå Statens vegvesen beklagar SV at det ikkje er prioritert midlar til kollektivfelt Straume – Knarrevik eller til haldeplassar på Rv 555, og at kollektivfelt Olsvik – Storavatnet er lagt inn i 2015 mot 2014 i høyringsframlegget. SV ber om at dette vert tatt opp i sak til SAMU.

Oversendingsforslaget vart fremma 4. juni 2014, men har ved ein feil ikkje blitt svart på tidlegare. Riksveg 555 fell inn under Statens vegvesen som vegeigar, fylkesrådmannen har derfor teke opp spørsmålet med vegvesenet.

Kollektivfeltet mellom Olsvikkrysset og Storavatnet terminal vart opna av fylkesordføraren i april 2014. Tiltaket vart finansiert med statlege midlar, og opna samstundes med kollektivfelt Olsviktunnelen – rundkøyring Storavatnet, sistnemnde finansiert gjennom Bergensprogrammet.

Statens vegvesen viser til at det er riktig at det ikkje vart prioritert midlar til kollektivfelt mellom Straume og Knarrevik eller til haldeplassar på RV 555. Forslaget vart fremja av Fjell kommune, og baserte seg på ei mogleg omgjerding av eksisterande gang- og sykkelveg til kollektivfelt. Tiltaket vart ikkje prioritert for statlege midlar, då den same strekninga var ein del av arbeidet med reguleringsplan for nytt Sotrasamband.

Når det gjeld kollektivfeltet frå Olsvikkrysset til Storavatnet terminal, så viser vegvesenet til at det er riktig at det er lagt inn 8,5 millionar kr i 2015. Statens vegvesen peiker vidare på at kollektivfeltet vart realisert i april 2014, og at plassering av midlar til tiltaket i 2014 eller 2015 ikkje har hatt innverknad på realiseringstidspunktet.